



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 31.08.2018

Sak nr.: 18/6598-4

Internt l.nr.: 40595/18

Sak: 88/18

Tittel: **Høringsuttale - forslag til forskrift om endring av forskrift om miljømessig tryggleik for skip og flyttbare innretningar**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig å ivareta verdsarvfjordane og statusen desse har. Vi ser difor positivt på at det vert stilt miljøkrav til fartøy som opererer der.
2. Vi er bekymra for dei økonomiske konsekvensane strengare NO_x-krav kan få for reiselivet knytt til verdsarvfjordane. Tiltaket vil vere konkurransevridande. Å innføre miljøkrav lokalt her, løyser mykje av problemet der, men overfører utfordringane til andre stader der cruiseskipa vel å legge til kai.
3. Det bør stillast statlege miljøkrav, inkludert klimagassutslepp, i alle fjordane, for å utvikle ei meir berekraftig turistnæring, i tråd med vedtekne regionale planar. Med ei heilskapleg tilnærming vil ein òg redusere dei lokale konsekvensane for næringa.